

Bok på 1-2-3



Bo flyttar ut

Av Trude Tjensvold

Undervisningsopplegg for 3.-4. steg
i faga norsk og naturfag

Tid: 60–90 minutt

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til internett og prosjektør
- Gjere boka klar for skjermvisning i klasserommet
- Dersom du har tid: Leite fram bilete av litterære referansar som har gøymt seg i boka (sjå etterarbeidet i norsk). Om du ikkje har tid å leite fram desse på førehand, kan du leite desse opp på Internett etter kvart som du går gjennom karakterane i lag med elevane.
- Kopiere opp skjema for etterarbeid i naturfag

Det står ingen sidetal i boka, så dersom du nyttar papirboka, må du telje sider frå og med tittelbladet for å finne sidetala vi refererer til.

Formål

Norsk

- Samtale om innhald og form i samansette tekstar
- Gi uttrykk for eigne tankar og opplevingar av litteratur
- Leite etter og samtale om litterære referansar
- Tekstkompetanse

Naturfag

- Identifisere dyr frå forteljinga og fortelje om dei
- Samtale om dyreartar

1 Før lesing

(5 minutt)

Samtale om framsida på boka.

La framsida vise på skjermen.

Les tittelen på boka og spør elevane kva dei ser.

Etter kvart som elevane kjem med sine forslag, kan læraren følgje opp med konkrete spørsmål:

- Kven trur de det er bilete av på framsida? (Bo)
- Kvar er han? (i skogen)
- Kva gjer han? (han er i bevegelse, han spring)
- Er det dag eller natt? (Begge delar, kanskje? Natt i bakgrunnen, dag i forgrunnen)
 - Korleis kan vi sjå det? (Det er lys og fargar i forgrunnen, mørkt og svart i bakgrunnen)
- Sjå på andletet til Bo. Korleis har han det? (glad, forventningsfull, lur, spent)
- Kvar trur de Bo flyttar frå?
- Kvar trur de Bo flyttar hen?
- Kva kan det bety at Bo flyttar ut (ikkje berre ut frå der han bur, men også ut i friluft)
- Trur de Bo er ein gut, eller trur de han er eit dyr?
 - Kvifor?
 - Om nokon seier dyr, spør gjerne kva for eit dyr



Her kan elevane kome med mange forslag, og ingen svar er feil.

Læraren avsluttar med å kort fortelje om Bo og kva boka handlar om:

Katten Bo kosar seg heime i lag med matmor. Men ein dag flyttar hunden Viktor inn og tar plassen hans i senga. Det er ikkje plass til begge, meiner Bo. Han må finne seg ein annan stad å bu.

2 Lesing og litterær samtale

(25 minutt)

a) Les boka

Les heile boka *Bo flyttar ut* for elevane med visning på skjerm.

b) Litterær samtale om boka

Når de har lese gjennom boka, gjennomfører de ein litterær samtale i klasserommet der elevane får samtale om og bidra med eigne tankar om innhald og form i biletboka.

Forslag til samtalepunkt:

- Vis bilete av Bo og matmor, oppslag 1 (side 2–3)
 - Korleis kan vi sjå at Bo har det bra her? (matmor held kring Bo, begge smiler, spelar spel i lag. Det ser varmt og godt ut)
 - Er det noko her som fortel oss at Bo er ein katt? (han har hale, øyre, likar fisk)
 - Er det noko her som fortel oss at Bo ikkje er ein katt? (spelar ludo, brukar klede)
- Vis bilete av Viktor og Bo, oppslag 2 (s. 4–5) og oppslag 3 (s. 6–7)
 - Korleis er Viktor? (stor, tek mykje plass, blid, sleiker med våt tunge, fornuftig («lever er sunt»), tek plassen til Bo i senga, matmor held kring Viktor)
 - Korleis er Bo? (liten, tynn, forskrekka, sur, sint, vil ha viljen sin, vil ha mat han likar, vil ha tilbake plassen i senga)
 - Ser Bo kald eller varm ut? Kvifor? (Kald: blå, tynn, minner om «nattfargane», om natta ser det kaldt ut å gå ute i skogen i shorts. Varm: Han er sikkert varm sidan han berre har på shorts)
 - Er det nokon som synest Viktor ser varm ut? Kvifor? (gul, stor, minner om «lysfargane», har sikkert tjukk pels)
- Kvifor trur de Bo ikkje likar at Viktor flyttar inn?
- Kva årstid er dette, trur de?
- Kvifor trur de forfattaren har valt å la Bo ha på seg shorts?
- Kan de fortelje om kva Bo ikkje likar heime hjå dei andre dyra?
- Kvar er forteljinga mest spennande, tenkjer de?
- Bo spring for livet vekk frå hola til ulven. Bak han trommar lyden av raske potar. Kven sine potar trur de han høyrer?
- Korleis trur de Bo har det inni seg når han ligg inni steinrøysa?
- Korleis trur de Bo har det inni seg når han ser Viktor?
- Når i forteljinga tek Bo til å vere redd?
- Trur de Viktor har vore redd for Bo? Kvifor? Kvifor ikkje?
- Er alt berre bra når dei er tilbake i senga heime hjå matmor? (Bo og Viktor kranglar om kva dei skal ete, og matmor jagar dei framleis ut)
- Er det noko som er annleis enn før? (Dei spelar kort og ludo i lag, begge to søv i senga til matmor, Bo og Viktor er venner, og dei vil at den andre skal bu der sjølv om dei kranglar)



Skattejakt – på jakt etter litterære referansar

I *Bo flyttar ut* viser illustrasjonane til mange andre eventyr og forteljingar som verbalteksten ikkje nemner. Referansane er mange og varierte, og kan også vere kjende for elevar med fleirkulturell bakgrunn.

a) Før skattejakta – bli kjend med skattane

Fortel elevane at boka *Bo flyttar ut* er ei forteljing, men også eit skattekart fullt av kjende personar frå andre forteljingar.

De skal snart på «skattejakt» der de skal finne desse karakterane i boka. Før de dreg på skattejakt, fortel du litt om personane/karakterane de skal leite etter. Det er lurt å leite fram bilete av karakterane de går gjennom. Det er viktig at alle i klassen blir kjende med desse karakterane før de går på skattejakt i boka. Elevane har ulik kulturell førkunnskap. Dersom ein går gjennom karakterane først, har alle like føresetnader for å finne desse under skattejakta. Mange av elevane kjenner historiene om desse karakterane frå før. Då kan elevane vere med og fortelje historiene under gjennomgangen.

Her finn du ei liste over litterære referansar som finst i boka, med tips til kvar du finn illustrasjon

• Dei tre bukkane bruse

Folkeeventyr om tre bukkar som skal til setra og ete seg feite. For å komme til setra må dei gå over ei bru. Under brua bur det eit troll som ønskjer å ta bukkane.

Bilete: google «Dei tre bukkane bruse»

• Troll


Farleg skapning i norske folkeeventyr. Bur ofte i skogen. Er ofte stor med lang nase. Likar å ta dei som er svakare enn seg sjølv.

Bilete: søk etter troll på Wikipedia

• Ole Jakop på bytur

Ole Jakop på bytur er historia om ei lita and som dreg inn til byen fordi han har høyrte at det skal vere betre der enn ute på landet. Han møter mange farar, mellom anna blir han nesten påkøyrd av trikken.

Bilete: google «Ole Jakop på bytur»



• Den stygge andungen

I eventyret om den stygge andungen har andemor fått eit egg i reiret sitt som ikkje er egget til ei and. Andungen som kjem ut av dette egget, er annleis enn dei andre, og alle er slemme med andungen som ikkje er ein ekte andunge. Dei seier han er stygg. Når han blir vaksen, viser det seg at han er ei vakker svane.

Bilete: google Den stygge andungen + litteraturhuset

• Den vesle moldvarpen som vil vite kven som har bæsja på hovudet hans

Biletbok om ein liten moldvarp som stikk hovudet opp av bakken og får ein bæsje på hovudet. Han vil finne ut kven som har bæsja på hovudet hans, og går rundt og spør dyr etter dyr om det er dei. Alle dyra beviser at det ikkje er dei, ved å bæsje ein annleis bæsje. Til slutt finn flugene ut at det er hunden.

Bilete: google den lille muldvarpen som ville vite



• Reven og kråka

Ein av Æsop sine fablar handlar om ei kråke som har ein ostebit i nebbet. Reven vil ha osten, og han skryt av kråka kor vakker ho er. Han ber kråka om å synge. Kråka blir smigra av reven. Ho syng, og osten fell ut av nebbet. Reven lurte kråka.

Bilete: google reven og kråka

• Raudhette

Eventyr der Raudhette skal besøke bestemor i skogen. Då ho kjem fram til bestemor, ligg bestemor i senga, men ho har fått store auge, store øyre og stor munn. Det viser seg å vere ulven. Han har slukt bestemor. No sluker han Raudhette også. Heldigvis kjem jegeren forbi og reddar både Raudhette og bestemor ut av magen til ulven.

Bilete: google rotkäppchen jäger wolf

• Dei tre små grisane

I eventyret om dei tre små grisane flyttar grisane heimanfrå. Dei byggjer kvar sitt hus. Ulven greier å blåse ned huset som er bygd av halm og huset som er bygd av tømmer. Dei to grisene greier å rømme inn i huset til den tredje grisen. Han har bygd eit solid hus av murstein. Ulven greier ikkje å blåse ned huset, men han kjem inn gjennom pipa. Det står ei gryte med kokande vatn og tar imot ulven.

Bilete: google de tre små griser

b) Skattejakt

Bla gjennom boka på nytt. For kvart oppslag ber du elevane sjå etter om dei ser nokon av karakterane de har snakka om. De kan bla ganske fort gjennom dei fire første oppslaga.

- **Dei tre bukkane bruse:** Oppslag fem, (side 10–11).
- **Troll:** Ein skugge på bakken i oppslag fem (side 10–11).
- **Ole Jakop:** Oppslag seks (side 12–13).
- **Den stygge andungen:**
 - Oppslag seks (side 12–13). Andungane kallar inntrengaren (Bo) stygg.
 - Oppslag sju (side 14–15). I reiret til andemor er det bilete av ei kvit svane.
- **Reven og kråka:** Oppslag åtte (side 16–17).
- **Den vesle moldvarpen som vil vite kven som har bæsja på hovudet hans:** På det 11. oppslaget (side 22–23) ser vi Viktor som bæsjar på hovudet til moldvarpen.
- **Raudhette (og ulven):** Oppslag 11 (side 22–23).
- **Dei tre små grisane:** På det 13. oppslaget (side 26–27) er Bo på besøk inne hjå ulven og vi ser skjeletta til Dei tre små grisane i bakgrunnen.
- **Jegeren i Raudhette og ulven:** Oppslag 14 (side 28–29).



Identifisere dyr frå forteljinga og fortelje om dei.

Samtale om dyreartar.

Elevane samtalar om innhaldet i teksten med utgangspunkt i ord og omgrep.

a) Vi lærer om dyra i forteljinga

Læraren og elevane samtalar om kva dyr som finst i boka, kvar dei bur og veremåten deira. Læraren noterer dyreartane på tavla. Nokre døme er:

- hund
- fugl
- bjørn
- fisk
- rev
- hare
- elg
- flaggermus
- piggsvin



Forslag til samtalepunkt:

Trude Tjensvold har eit repeterande grep i presentasjonen av dei nye dyra Bo besøker og nyttar to-og-to adjektiv gjennomgåande i teksta. Læraren kan bruke dette som utgangspunkt i samtale om dyra. Kva fortel dei oss om dei ulike dyreartane Bo besøker?

Andungen: vått og godt, lyst og luftig

Moldvarpen: tørt og mørkt, godt og varmt

Ulven: ope og kjølig, kaldt og heitt (ved grua)

b) Før elevane startar, kan læraren gå gjennom aktiviteten med følgjande fokuspunkt:

- Kategoriane i skjemaet (dyreart, utsjånad, et, bur, anna)
- Formål (identifisere dyr frå forteljinga, fortelje det dei kan om dei og samtale om ulike dyreartar)

Elevane arbeider i grupper på to-tre. Med utgangspunkt i lista på tavla frå aktivitet a plasserer gruppene dyreartane i utdelt skjema og fyller inn utdjupande informasjon. Øvinga tek utgangspunkt i elevane sin førkunnskap om kjende dyreartar. Men om det er ønskjeleg, kan dei i bruk andre hjelpemiddel i klasserommet, t.d. fagbøker, faktabøker, lærebøker og nettressursar.

3 Etterarbeid

Naturfag (framhald)

Øvste rad står som eksempel til elevane.

Dersom elevane står fast, kan lærar følgje opp med spørsmål:

- Er dyret stort eller lite?
- Er dyret farleg eller tamt?
- Lever det fritt i naturen eller heime hjå menneske?
- Er det kjøt- eller planteetar?
- Finst dyret i Noreg?

Avslutt aktiviteten med ein gjennomgang i klasserommet der læraren plasserer elevane sine bidrag i eit felles skjema (sjå eigen PDF).

